

Sakspapir

| Saksbehandler | Arkiv | ArkivsakID |
|---------------|---|------------|
| Øivind Olsnes | FA - N10, HistSak - 14/256, TI - &13 | 15/7 |

| Saksnr | Utvalg | Type | Dato |
|----------|---------------|------|------------|
| 007/2015 | Formannskapet | PS | 20.01.2015 |
| | Kommunestyret | PS | |

Uttale frå Modalen kommune til fylkestinget sitt vedtak i sak 90/2014 - Nordhordlandspakken

Forslag til vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til at det vert søkt om bompengefinansiering av Nordhordlandspakka på vilkår og føresetnader som Fylkestinget i Hordaland har lagt til grunn i sitt vedtak den 10.12.2014.

Saksopplysningar:

Bakgrunn

Kommunane i Nordhordland uttalte seg i 2014 til bompengesøknaden for Nordhordlandspakken. Modalen kommune slutta seg til Nordhordlandspakken i sak 011/2014 den 19.06.14.

Fylkestinget handsama bompengesøknaden i møte den 10.12.2014 under sak 90/2014. Fylkestinget sitt vedtak inneber at ein del føresetnader i bompengefinansieringa er endra i høve til kva som låg til grunn då kommunane uttalte seg om søknaden. Saka vert derfor no sendt attende til kommunane der dei vert invitert til å godkjenne dei nye vilkåra for bompengesøknaden eller takke nei til dette.

Vurdering

Syner til skriv frå Statens vegvesen 16.12.14 og Fylkestinget sitt vedtak i sak 90/2014 med dei fakta og vurderingar som framkjem i saksutgreiinga til Hordaland fylkeskommune.

Dei endringar som framkjem av Fylkestinget sitt vedtak vil ikkje medføre vesentlege endringar i høve dei føresetnader som Modalen kommune la til grunn då saka vart handsama i kommunestyret den 19.06.14.

Konklusjon

Rådmannen rår derfor til at bompengesøknaden for Nordhordlandspakken vert godkjend

med dei vilkår og føresetnader som Fylkestinget har sett i sitt vedtak.

Formannskapet - 007/2015

FOR - behandling:

Samrøystes

FOR - vedtak:

Modalen kommune sluttar seg til at det vert søkt om bompengefinansiering av Nordhordlandspakka på vilkår og føresetnader som Fylkestinget i Hordaland har lagt til grunn i sitt vedtak den 10.12.2014.

Vedlegg:

Uttale til fylkestingets vedtak i sak 90/2014 - Nordhordlandspakka

Vedlegg